

# TRYGGLEIK FOR FOLK





## Tryggleik for folk

I ei usikker tid er opplevinga av tryggleik viktig. At du kan møte kvardagen og kjenne deg trygg for kvardagsøkonomien, for arbeidsplassen, og for at dei grunnleggjande velferdstenestene er der når du treng dei. Særs mange nordmenn har dei siste tiåra opplevd auka tryggleik gjennom ei betydeleg velstandsutvikling. Ei velstandsutvikling skulda låg arbeidsløyse, låg prisvekst, høg lønsvekst og ei universell velferdsstat som har blitt bygd ut til stadig fleire område. Dette har vore med på å gi mange eit betre liv. Ei viktig årsak til denne utviklinga er den fredsvinsten Noreg oppnådde etter muren fall. Noreg, som har halde nasjonal kontroll over landets rike råvarer, fekk stadig betre betalt for desse, medan dei varene Noreg importerte blei stadig billigare.

Tida me lever i er òg prega av konsekvensane av klimaendringane. Desse merkast i heile verda, og påverkar mellom anna verdas matproduksjon. Me er heilt avhengige av å løyse klimakrisa, og jobbe godt med klimatilpassing for å handtere konsekvensane me allereie står ovanfor. Vêret blir villare, våtare og varmare, noko som krev god samfunnsplanlegging og auka fokus på gode klimaløysingar.

Dei to siste åra har derimot mange opplevd auka utrygge. Etterverknaden av koronapandemien og krig i Europa har gjort mykje det me treng i kvardagen vesentleg dyrare. Dette har gitt mange ei meir krevjande kvardagsøkonomi, og presset på grunnleggjande velferdstenester aukar.

Senterpartiets ambisjon er at Noreg også framover skal vere eit samfunn med høg velstand og små sosiale og geografiske skilnader. Skal me klare dette, handlar det på kort sikt om å unngå at høg prisvekst førar til høg arbeidsløyse. På lengre sikt handlar det om å føre ein politikk som sikrar at så mange som mogleg er i jobb, at dei som fell utanfor kjem tilbake i arbeid så raskt som mogleg. Vidare må me legge til rette for eit skatte- og avgiftssystem som gir norsk næringsliv konkurransedyktige rammevilkår, og som omfordeler frå dei som har mykje til dei som har lite. Dette for å sikre universelle velferdsordningar som gir auka tryggleik for alle.

## Tryggleik for arbeidsplassen

Eit av folkestyrets hovudoppgåver er å sikre at alle får høve til å forsørge seg sjølv og sine nærmaste gjennom arbeid. Eiga inntekt sikrar personleg fridom, og legg grunnlaget for sosial tryggleik. Det siste året har stadig fleire kome i jobb, og stadig fleire i yrkesaktiv alder kjem i jobb. For å sikre at alle dei som no har kome i jobb ikkje må ut i arbeidsløyse att, er det viktig med ein ansvarleg økonomisk politikk. Ein politikk som legg til rett for stabil og moderat prisvekst som gir næringslivet føreseielege rammevilkår.

Trass at fleire kjem i arbeid, er det framleis alt for mange som står utanfor arbeidslivet. Fleire må bli inkludert, både for å skaffe inntekt gjennom eigen arbeidsinnsats, men òg for å bidra til aktivitet og verdiskaping. Særleg er det ei utfordring at mange unge står utanfor arbeidslivet. Senterpartiet vil at fleire som har delvis arbeidsevne skal få utnytte denne. Det må bli enklare å kombinere jobb med ulike typar velferdsytningar, og me må satse på ulike arbeidsmarknadstiltak som lønsstøtte og varig tilrettelagt arbeid.



Samstundes er det naudsynt med eit betre samarbeid mellom skulen, helsevesen, NAV og arbeidsgjevarar for å gi den heilskaplege oppfølginga den einskilde har behov for.

For mange begynnar utanforskapet allereie i ung alder. Senterpartiet meiner at me må satse meir på alternative utdanningssløp med fokus på meistring og motivasjon for barn og unge som står i fare for å falle utanfor.

Senterpartiet meiner det bør bli satt eit klart mål om auka sysselsetting. Det vil bidra til at me som samfunn kan løyse fleire av dei oppgåvene me står ovanfor, betre økonomien til den einskilde arbeidstakar og styrke finansieringa av fellesskapet. Senterpartiet vil difor jobbe for tiltak som bidreg til inkludering av menneske som i dag står utanfor arbeidslivet. Personar frå hushaldningar med låg inntekt, låg utdanning, innvandrarakgrunn eller funksjonsnedsettingar har høgare risiko for å oppleve utanforskap og kjenne seg marginaliserte. Det er difor viktig at inkludering retter seg mot desse gruppene.

Senterpartiet vil

- Til kvar tid tilpasse oljepengebruken for å sikre høgast mogleg sysselsetting
- Sette eit mål om auka sysselsetting justert for aldersamansetting
- Redusere det samla skattenivået for næringslivet
- Få på plass attraktive fastprisavtaler som gir næringslivet høve til å forsikre seg mot høgre straumprisar
- Styrke ordningar som legg til rette for at folk i større grad kan utnytte restarbeidsevna si, og innføre ei aktivitetsreform for nye mottakarar av arbeidsavklaringspengar og uføretrygd
- Sikre at unge under 30 år som står utanfor arbeid får tilbod om jobb, utdanning eller kompetansegevande opplæring så fort som mogleg
- Styrke og forenkle førstelinja i NAV digitalt og fysisk, og sørge for at NAV-kontor kan rigge tenestene sine etter lokal kjennskap og behov
- Sikre eit arbeidsliv der heile og faste stillingar er hovudregelen
- Forsterke innsatsen mot useriøsitet og sosiale dumping i arbeidslivet
- Gjere tiltaka meir fleksible for å sikre at folk får utnytte heile restarbeidsevna si, uavhengig av kor stor denne er
- Jobbe for at flyktingar skal kunne kome i jobb tidlegare

### **Tryggleik for kvardagsøkonomien**

Mange har fått ei meir krevjande kvardagsøkonomi dei to siste åra. Eit viktig svar på dette har vore å føre ein politikk som bidreg til redusert prisvekst, og dimed lågare rente. I tillegg har me fått på plass ei straumstøtte som dekke mykje av dei auka straumutgiftene til hushaldingane, og ei rekke velferdsordningar som er retta mot dei som har minst. Til dømes har bustønaden, studiestøtta og barnetrygda blitt forsterka.

Eit viktig grep for å bidra til ein tryggare kvardagsøkonomi er eit meir omfordelende skattesystem. For Senterpartiet har det difor vore viktig å redusere skattane for dei med middels og låg inntekt. Til dømes vil ein familie med to lønsinntekter på 550 000 kroner



betale omlag 8 200 kroner mindre i skatt i 2023, enn dei ville ha gjort med reglane for 2021.

Medan skattesystemet er omfordelende, blir dei med minst hardast råka av avgifter på varer me er avhengig av i kvardagen. For Senterpartiet er det eit mål å halde avgiftstrykket nede, og redusere avgifter som rammer skeivt med omsyn til sosial og geografisk fordeling. I regjering har Senterpartiet mellom anna redusert elavgifta med nesten 3 mrd. kroner, og i 2023 blir drivstoffavgiftene redusert med over 2 mrd. kroner.

Noreg har opplevd aukande sosiale skilnadar. Når barn og unge må vekse opp i fattigdom, risikerer dei uhelse og utanforskap også seinare i livet. Senterpartiet vil difor ha eit samfunn med små skilnadar, og forebygge fattigdom – særleg den som rammer barnefamiljar.

Ein viktig del av tryggleiken i samfunnet vårt er tilliten me har til kvarandre, og til styresmaktene. Tillit er viktig for landets «indre forsvar», som bidreg til trygge og solidariske nærmiljø. Eit samfunn med store skilnadar skaper tvert imot meir utrygge og utanforskap. Då treng me ein tydeleg sosialpolitikk for god og rettferdig omfordeling.

Senterpartiet vil:

- Redusere skattenivået på middels og låge inntekter
- Redusere avgiftsnivået på varer folk er avhengig av i kvardagen
- Halde på systemet med differensierte momssatsar for viktige produkt og næringar, og ikkje auke matmomsen
- Framleis bruke skattesystemet til å støtte opp om at folk skal eige eigen bustad
- Ikkje innføre skatt på fordel av bruk av eigen bustad
- Ikkje innføre arveavgift
- Auke maksgrensa for BSU til 30 000 i årleg sparing, og kr. 400 000 som totalbeløp og eit skattefritak på 20%
- Styrke barnetrygda, særleg for barn mellom 6 og 18 år, som ei universell velferdsordning som når ut til alle, men som betyr mest for dei som har minst
- Bidra til reduserte skilnadar ved at alle minsteytingar aukar meir enn prisstiginga
- Ikkje auke barnehageprisane, og vidareføre gratis kjernetid i SFO
- Sikre alle barn minst éin fritidsaktivitet saman med andre, ved mellom anna å auke støtta til frivillige og ideelle organisasjonar, og motarbeide at økonomi blir eit hindre for deltaking
- Sikre foreldrane sin økonomi ved barnefødsler gjennom å styrke foreldrepengeordninga og eingongsstønaden, å gi fedrar sjølvstendig uttaksrett, og å betre stønadsordningane ved fødsel for studentar.

### **Tryggleik for grunnleggjande velferdstenester**

I åra framover vil det vere behov for hardare prioriteringar kring korleis me brukar offentlege midlar. Det har over lengre tid vore varsla at utgiftene til staten vil auke raskare enn inntektene, fordi det blir fleire med behov for pensjon og andre ytingar. Senterpartiet meiner staten i større grad enn i dag må prioritere og verne om kjerneoppgåvene til velferdsstaten. Dette inkluderer skule, utdanning, helsetenester og



beredskap i vid forstand. Rolla vår som samfunnsutviklar skal bidra til sosial berekraft og sosial utjamning. Ulike delar av landet har ulike utfordringar knytt til dette, der folkehelse og inkludering er nøkkelomgrep. Universelle velferdsordningar og tett samarbeid mellom barnehage, skule, NAV og familiekontora i kommunen er sentrale for å forebygge at barn og unge som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt opplever utanforskap og ekskludering. For Senterpartiet er det eit mål at alle skal ha tilgang til gode tenester uavhengig av inntekt og bustad.

Betaling for barnehageplass og SFO utgjør ein stor kostnad for barnefamiliar. Gjennom statsbudsjetta har regjeringa så langt redusert maksprisen for barnehage og gitt 12 timar gratis SFO til første- og andreklassingar. For ein familie med eitt barn i SFO som no slepp eigenbetaling, utgjør det ei innsparing på 20 000 kroner i året. Senterpartiet meiner dette er målretta grep som reduserer levekostnadane for barnefamiliar, og gir fleire tilgang til desse tenestene. Eldreomsorga skal vere kjenneteikna med gode og verdige tilhøve, ein trygg alderdom i trygg omgjevnader, der nok menneskelege ressursar og naudsynt for å yte gode tenester.

Senterpartiet vil slå ring om universelle ordningar. Når ei gruppe får ein rett, får ei anna gruppe plikt til å oppfylle denne retten. I praksis består denne plikten ofte i å betale meir skatt for å finansiere nye eller betre velferdsordningar. Fordi alle må betale skatt, meiner Senterpartiet der er riktig og viktig at alle også får tilgang til velferdsgodane. Difor bør universelle velferdsordningar vere hovudregelen.

Den offentlege samfunnsutviklarrolla skal bidra til sosial berekraft og sosial utjamning. Ulike delar av landet har ulike utfordringar knytt til dette, der folkehelse og inkludering er nøkkelomgrep. Universelle velferdsordningar og tett samarbeid mellom barnehage, skule, NAV og familiekontoret i kommunen er sentrale for å forebygge at barn og unge som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt opplever utanforskap og ekskludering.

Senterpartiet arbeider for ein trygg og ansvarleg ruspolitikk, og ei førebyggings- og behandlingsreform i Noreg som legg vekt på førebygging, eit betre ettervern, og sikrar helsehjelp til rusavhengige. All bruk og eige av narkotika skal vere ulovleg og straffbart, men at påtalemynda og domstolane må få moglegheit til å legge vekt på rusrelaterte helseproblem i straffeutmålinga.

Politiet skal få høve til å drive forebyggande arbeid, i tillegg til å ha tilstrekkelege verkemidlar innafor rammene av lova. Dette inkluderer mellom anna ruskontrakter og høve til å ta blod- og urinprøvar for å avdekke narkotikabruk. Dei står elles fritt til å konsultere med helsevesenet ved behov i tråd med dagens straffeprosessuelle reglar. Det er politiet som skal etterforske og påtale eventuelle lovbrøt, og domstolane som dømmer i sakene. Det er ingen motsetnad mellom helsehjelp og straff.

Senterpartiet vil

- Løfte inntektene til kommunane til eit nivå som sikrar eit likeverdig og godt tenestetilbod i heile Noreg
- Redusere prisen på velferdstenester som mellom anna barnehage, SFO og tennhelse



- Styrke fastlegeordninga slik at rekruttering og stabil legedekning blir sikra i heile landet
- Forsterke velferdsordningar retta mot dei som har minst
- Arbeide for ei førebyggings- og behandlingsreform i Noreg som legg vekt på førebygging, eit betre ettervern, og som sikrar helsehjelp til rusavhengige
- Auke kapasiteten på profesjonsutdanning i psykologi og legeutdanning i Noreg for å sikre rekrutteringa til helsetenestene
- Styrke områdesatsingane med spesielt fokus på jobb- og idrettstilbod
- Styrke innsatsen mot gjeng- og ungdomskriminalitet ved å styrke politiets ressursar og verkemidlar, utan å svekke rettstryggleiken
- At nye statlege reformar som blir innført skal bli fullfinansiert
- Sikre at heile landet har utbygd naudnett
- Oppfølginga av pårørande skal bli styrka
- Gi pengar til lågterskel psykisk helsehjelp, slik at kommunar kan gi slik hjelp utan krav om tilvising
- Arbeide for å rekruttere helsepersonell innan alle delar av helsesektoren
- Gradvis innføre eit dagleg sunt og enkelt skulemåltid, og dagleg fysisk aktivitet i skulen, med fridom for skulene til å organisere dette sjølv